



Harris Advokatfirma AS
Postboks 4115 Sandviken
5835 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4922 - 21/56467

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
26.08.2021

Ferdigattest for naust - gbnr 464/20 Haugstad

Administrativt vedtak: Saknr: 887/21
Tiltakshavar: Trond Reidar Amundsen
Ansvarleg søkjar: Harris Advokatfirma AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for naust på gbnr 464/20.

Omsøkt utfylling i sjø/båtopptrekk er ikkje etablert og inngår ikkje i ferdigattesten. Det same gjeld etablert kai.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 08.05.2015.

Det vert elles vist til søknad journalført mottatt 27.05.2021.

Skildring

Adresse:	Haugstad 64
Bygningstiltak:	Naust
Bygningsnummer:	300 499 351
Bruksareal:	38 m ²

Regelverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/4922

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Harris Advokatfirma AS

Postboks 4115 5835

BERGEN

Sandviken

Trond Reidar Amundsen

Grasmenipo 19 A 5355

KNARREVIK